

MELAND KOMMUNE  
Att. John Fredrik Wallace  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.: John Fredrik Wallace  
Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
2018/13247-2

Bergen 08.10.2018

Unnateke offentliggjøring OFFL § 26, 4 ledd

## Tilsegn om tilskot på inntil kr 500 000 til 290790 Ny introduksjonsordning for flyktninger. Utvikling og utprøving av Melandsmodellen

Vi viser til dykkar søknad motteke innan fristen 06.08.2018 om tilskot til ovannemnde prosjekt under ordninga med regional kvalifiseringsstøtte. Det er med glede vi kan melde at styret for Regionalt forskningsfond Vestlandet (RFF Vestlandet) i møte 12.09.2018 løyvde inntil kr. 500 000,- til prosjektet frå budsjettet for 2018.

For at tilsegna skal være gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan **4 veker** som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Løyvinga frå RFF Vestlandet føreset at prosjektet vert gjennomført i samsvar med tilsendt prosjektplan.

Bruk prosjektnummer 290790 som referanse i tittel på e-post og all annan kommunikasjon med RFF Vestlandet om prosjektet.

### 1. Godkjend prosjektplan og budsjett

**Prosjektperiode:** frå 15.09.2018 til **01.07.2019**

**Prosjektet skal sluttrapportere seinast 01.09.2019.**

Eventuell søknad om forlenging må sendast før denne dato.

**Løyvd beløp:** 500 000

**Søknadsbeløp:** 500 000

**Godkjend kostnadsplan**

Tittel	2018	2019	2020	SUM
Andre driftskostnader	542 000	803 000		1 345 000
Innkjøp av FoU-tjenester	135 000	255 000		390 000
Personal- og indirekte kostnader				0
Totale kostnader				0
<b>Sum kostnad</b>	<b>677 000</b>	<b>1 058 000</b>		<b>1 735 000</b>

## Godkjend finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020
Egenfinansiering	490 000	745 000	1 235 000
Regionalt forskingsfond Vestlandet	187 000	313 000	500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>677 000</b>	<b>1 058 000</b>	<b>1 735 000</b>

## 2. Vilkår for tilskotet

### Generelt:

- Prosjektet skal verte finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. RFF Vestlandet sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 28,8 %** av dei godkjende kostnader.
- Tilskotsmottakar, MELAND KOMMUNE, skal føre eit eiga prosjektrekneskap over prosjektkostnader og prosjektfinansiering. Prosjektfinansieringa og prosjektkostnadene skal gå fram av tilskotsmottakar sitt offisielle rekneskap.
- Eigeninnsats knytt til tidsbruk i bedrifter og offentleg sektor må vere bokførte arbeidstimar utbetalt som løn og kan ikkje gå over satsar i Forskningsrådet sine reglar, sjå: [www.forskningsradet.no/no/Personal\\_og\\_indirekte\\_kostnader/1254006461704](http://www.forskningsradet.no/no/Personal_og_indirekte_kostnader/1254006461704)
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad og seinare godkjende endringar. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli avkorta.

### *Regelverket for offentlig stønad etter EØS-avtalen*

Støtte frå Regionale forskingsfond må til ein kvar tid vere i tråd med regelverket for offentlig stønad etter EØS-avtalen.

Støtte er gitt under føresetnad av at forskrift om unntak frå notifikasjonsplikt for offentlig støtte § 1, jf. EØS-avtalens vedlegg XV nr. 1j og artikkel 25-30 i forordning (EU) nr. 651/2014, vert overhalden.

Informasjon om regelverket er å finne i Regjeringa sin rettleiar om "EØS avtalens regler om offentlig støtte": [http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/dok/veiledninger\\_og\\_brosjyrer/2011/eos-avtalens-regler-om-offentlig-stotte.html?id=642299](http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/dok/veiledninger_og_brosjyrer/2011/eos-avtalens-regler-om-offentlig-stotte.html?id=642299)

Tilskotsmottakar som er utdannings- eller forskingsinstitusjon og som også driv økonomisk aktivitet, kan ikkje bruke tilskottet til å kryssubsidiere annan verksemd. Meir om dette i EØS-rettleiaren.

### Endringar i prosjektet

- Større endringar i prosjektplanen, som til dømes endringar i budsjett- eller finansieringsplan og tidsplan, skal godkjennast av RFF Vestlandet etter søknad frå tilsegnsmottakar.
- Tilsegnsmottakar må også søkje dersom det er ønskje om endring av prosjektleiar. Søknaden må innehalde ei kort grunngjeving og CV for den nye personen.
- Det er ikkje krav om søknad i tilfelle skifte av administrativt ansvarleg for prosjektet. Slikt skifte må meldast omgåande av administrativt ansvarleg eller ein person med fullmakt hos tilsegnsmottakar og innehalde namn, tittel og kontaktinformasjon for den nye personen.

### Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av RFF Vestlandet.

### Rapportering og sluttutbetaling

- Utbetaling av tilskotet skjer etterskotsvis.
- Tilsegnsmottakar skal sende sluttrapportar og rekneskap til Regionalt Forskningsfond Vestlandet straks prosjektet er avslutta. Dette må skje seinast innan 01.09.2019.
- Sluttrapportering består av sluttrapporteringsskjema, sluttrekneskapsskjema og ein populærvitskapeleg framstilling.
- Dersom ikkje anna vert meldt, skal rapportskjema lastast ned frå RFF Vestlandet si nettside: [www.regionaleforskingsfond.no/Vestlandet](http://www.regionaleforskingsfond.no/Vestlandet) (menypunkt «Rapportering»). Rapport skal verte sendt som e-post til [forsking@hfk.no](mailto:forsking@hfk.no) eller som digital post til org.nr. 938 626 367 (Hordaland fylkeskommune), eller med vanleg post (sjå pkt.5).

- Alle rapportar må vere signert av administrativt ansvarleg for prosjektet og/eller ein person som har fullmakt i bedrifta eller kommunen.
- Godkjend rapportering gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling.

**Merk!** For private bedrifter og utdannings- og forskingsinstitusjonar som driv økonomisk aktivitet skal revisor attestere sluttrekneskapen dersom tilsegna frå RFF Vestlandet er over kr 100 000. For tilsegnsinnehavarar som ikkje er revisorpliktige kan autorisert rekneskapsførar attestere rekneskapen i staden for revisor. Tilsegnsinnehavarar i offentleg sektor treng ikkje sende inn revisorattest eller attest frå autorisert rekneskapsførar. Hordaland fylkeskommune har likevel moglegheit til å kontrollere bruken av midla som omtalt i avsnittet "Kontroll".

- Tilsegnsinnehavar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Evt. for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Delutbetaling

- Tilsegnsinnehavar kan søkje om ein delutbetaling i løpet av prosjektperioden. Søknad om delutbetaling skal innehalde dokumentasjon av faktiske kostnader så langt i prosjektet. Dette skal vere i form av ein kort statusrapport og utskrift frå prosjektrekneskapen hos tilskotsinnehavar.
- Delutbetaling vil vere avgrensa til avtalt kostnadsprosent på **28,8 %** av faktiske kostnader, maksimalt inntil 50% av løyvd beløp på kr 500 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning.
- Søknad om delutbetaling kan sendast på e-post til forskning@hfk.no

### Kontroll

- Hordaland fylkeskommune er vertsfylkeskommune for RFF Vestlandet. Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje Hordaland fylkeskommune og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingreglement §10.

## 3. Varighet og opphør av tilsegna

Tilsegna gjeld frå det tidspunktet RFF Vestlandet har motteke signerte standardvilkår frå tilsegnsinnehavar. Tilsegna gjeld til prosjektet er avslutta og sluttrapport er levert inn og godkjend, med mindre kontraktperioden sluttar tidlegare.

RFF Vestlandet kan dessutan heve kontrakten med snarleg verknad dersom:

- ein person eller eit føretak utanfor EØS-området tek bestemmende kontroll over tilsegnsinnehavar
- det er meldt oppbod eller opna konkurs eller akkordforhandlingar hos tilsegnsinnehavar, eller det på anna grunnlag er mykje sannsynleg at tilsegnsinnehavar er insolvent
- verksemda til tilsegnsinnehavar er vedteken oppløyst, eller det er mykje sannsynleg at vilkåra er oppfylt for å treffe ei avgjersle om tvang til oppløysing av verksemda.
- sentrale føresetnader for kontraktforholdet sviktar, her under at RFF Vestlandet ikkje får dei naudsynte midlane stilt til rådvelde frå Storting og Regjering, det skjer endringar i offentlege reguleringar eller det oppstår andre uføresette omstende av vesentleg betydning for gjennomføringa av prosjektet eller RFF Vestlandet si evne til å bidra til dette.

Tilsegnsinnehavar kan heve kontrakten med snarleg verknad dersom RFF Vestlandet har vesentleg mislighalde sine pliktar.

Dersom RFF Vestlandet hever kontrakten på grunn av vesentleg mislighald hos tilsegnsinnehavar, kan RFF Vestlandet krevje tilbakebetaling av utbetalte tilskot med tillegg av renter for forseinking etter gjeldande lov om renter ved forsinka betaling frå hevingstidspunktet.

I staden for tilbakebetaling kan RFF Vestlandet krevje å få overført rettighetene til prosjektresultata. Krav om slik overlevering skal skje skriftlig. Prosjektansvarleg pliktar å overlevere rettighetene utan ugrunna opphald og skal dekke kostnadene ved overleveringa. Eigendomsretten går over frå prosjektansvarleg til RFF Vestlandet eller tredjepart ved levering.

#### **4. Vurdering av søknaden**

Søknaden er vurdert av eit fagpanel og seinare behandla av sekretariatet i Regionalt forskingsfond Vestlandet. Styret i fondet har gjort endeleg vedtak i saka. Kopi av vedtak med vurdering av søknaden er lagt ved.

#### **5. Kontaktinformasjon**

Kontaktinformasjon i samband med tildeling og prosjektadministrasjon:

Regionalt forskingsfond Vestlandet

Hordaland fylkeskommune

Pb 7900

5020 Bergen

E-post: forskning@hfk.no

Organisasjonsnummer ved digital post: 938 626 367

Regionalt forskingsfond Vestlandet ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing  
Jone Engelsvold  
sekretariatsleiar

Rajwinder Kaur Daphu  
rådgivar

Vedlegg:

1) Standardvilkår 2) Innsendt søknadsskjema for prosjektet 3) Vedtaksdokument 4)  
Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår innen 4 uker etter at tilsegnsbrevet er mottatte.

## Standardvilkår for Regionalt forskingsfond Vestlandet

**Prosjektnamn:** 290790 Ny introduksjonsordning for flyktninger. Utvikling og utprøving av Melandsmodellen

**Prosjektnr:** 290790

**Tilskot inntil: Kr.** 500 000

**Vår ref. (arkiv):** 2018/13247

---

### Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

**Tilsegnsmottakar:** MELAND KOMMUNE

**Postadresse:** -, 5906 FREKHAUG

**Org.nr.:** 951549770

**Administrativt ansvarleg:** John Fredrik

**Mobil:** 482 84 872

**Telefon:** -

**E-post:** john.fredrik.wallace@meland.kommune.no

### Kontaktperson Regionalt forskingsfond Vestlandet;

Rajwinder Kaur Daphu

E-post: [forsking@hfk.no](mailto:forsking@hfk.no)

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

### Signert standardvilkår:

Stad: ..... Dato: .....

Namn på administrativt ansvarleg

.....

Signatur administrativt ansvarleg:

.....

Evt. i tillegg: namn og tittel på den som har fullmakt til å underteikne på vegne av tilsegnsmottakar:

Namn:..... Signatur:.....

### Returadresse:

Hordaland fylkeskommune, Regionalt forskingsfond Vestlandet, Postboks 7900, 5020 Bergen

Org.nr. 938 626 367 (ved digital post)

E-post: [forsking@hfk.no](mailto:forsking@hfk.no)

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*